



Kolbein Haga

NORSKE OG UTANLANDSKE KYRKJEMUSIKKUTDANNINGAR

– ein kompetansemanual

Norske og utanlandske kyrkjemusikkutdanningar

– ein kompetansemanual

BAKGRUNN

Norsk kyrkjemusikk har til alle tider vore sterkt internasjonalt prega. Missale Nidrosensis og det rike liturgiske liv rundt erkestolen i Nidaros ville vore uttenkjeleg utan høgt danna klerkar frå lærestadene i Paris, samtidas fremste musikkcenter. Også i dansketida og langt ut over 1800-talet var innvandra fagmusikarar meir regelen enn unntaket i sentrale stillingar.

Den fyrste institusjonaliserte organistutdanninga her til lands var Nykirkeorganisten, tyskaren Ferdinand Vogels organistskule, etablert i Bergen 1852. Skulen gjekk inn ved Vogels død i 1892, men tilsvarende og utvida verksemd kom i gang att under namnet Bergens musikkonservatorium i 1905. Herifrå går kontinuiteten til det som i dag kallast Griegakademiet -institutt for musikk ved Historisk-filosofisk fakultet, Universitetet i Bergen.

I 1883 starta domorganist L. M. Lindemann "Organistskolen" saman med sonen Peter. Etter kort tid vart fagkrinsen utvida og namnet endra til Musikkonservatoriet i Kristiania/Oslo. Herifrå går kontinuiteten til Noregs musikkhøgskule, etablert i 1973.

Ut over 1900-talet vart det etablert musikkutdanningsinstitusjonar med kyrkjemusikkfag både i Trondheim og Stavanger. Frå tidleg 70-tal til fram på 90-talet utdanna Agder musikkonservatorium i Kristiansand kyrkjemusikarar. På slutten av 70-talet hadde Nordnorsk musikkonservatorium i Tromsø studietilbod sikta mot den eittårige lågare grads organisteksamen. Tilsvarende starta opp i Tromsø hausten 2001.

NASJONALE, REGIONALE OG KONFESJONELLE TILHØVE

Skiljelinjene mellom utdanningstradisjonane i den vestlege verda har i monaleg grad også prega musikk-utdanningane. Grovt sett er det her tale om

- 1) sør-europeiske/romanske tradisjonar
- 2) anglo-amerikanske tradisjonar
- 3) nord-europeiske tradisjonar
- 4) aust-europeiske tradisjonar

Desse nasjonale og regionale inndelingane fell i ein viss grad saman med konfesjonelle tilhøve:

- 1) romersk-katolske
- 2) anglikanske samt engelsktalande katolske og reformerte
- 3) lutherske samt nord-europeiske katolske og reformerte
- 4) ortodokse og aust-europeiske katolske

Ut frå migrasjonssituasjonen for kyrkjemusikarar i Noreg vil det i denne samanheng fyrst og fremst vera aktuelt å kommentera det som vedrører det anglo-amerikanske og det nordeuropeiske.

Sidan tilhøva i Norden er så vidt velordna og like landa imellom, vil berre norske tilhøve fram til gradsreformen av 2002 bli grundig gjennomgått.

NORSKE TILHØVE

Organisteksamen som omgrep her til lands skriv seg frå Lindemans organistskole, etablert i Kristiania i 1883. Fram til etterkrigstida rådde ein relativt einsarta eksamensstruktur. Distinksjonar tilsvarande nåtidens grader o.l. fann dels stad gjennom ei sinnrik utarbeidd liste over eksamensrepertoarets vanskegrad, dels gjennom valfag. Studietida var ikkje normert, dette kom fyrst rundt 1950. Etter mønster frå Danmark og Tyskland fekk me differensierte eksamenskrav for ulike grader.

Nye og meir spesifikke eksamenskrav fekk departemental godkjenning i 1961. Alle desse eksamensordningane var utarbeidde og fekk offentleg status etter påtrykk frå Norges organistforbund.

Dei fyrste studieplanane kom i 1970. Sidan 1968 var Musikkonservatoriet i Oslo/Lindemans legat organisert som offentleg stifting. Orgel- og kyrkjemusikkplanane var i stor grad adopterte frå Det kgl. danske musikkonservatorium, København. Desse planane vart vidareførte ved etableringa av Norges musikkhøgskule (NMH) i 1973, og gjekk seinare inn i det akademiske gradssystemet.

Året etter vart dei kopierte av distriktskonservatoria.

I 1974 vart Orgel- og kyrkjemusikkutdanning II justert ned frå fem til fire år. Dette hadde sin bakgrunn i at fireårig cand. mag. var det normale lågare grads studium ved NMH.

Endringane vart etter kvar normgjevande for distriktskonservatoria. I ettertid har strukturelle tilhøve vore stabile fram til gradsreformen av 2002.

UTANLANDSKE TILHØVE

Ut frå den aktuelle migrasjonssituasjonen er berre tyske, hollandske og britiske tilhøve omtala.

Vidare er berre grader som ekvivalerer ei komplett kyrkjemusikarutdanning etter nasjonalt mønster tekne med.

Dette ekskluderer ei rekkje ulike grader og utdanningar som i seg sjølv inneheld viktige element i høve våre kyrkjemusikarutdanningar.

For å vurdere innhaldet i arbeidssøklarars kompetanse i dagens sterkt internasjonaliserte arbeidsmarknad er det verken ynskjeleg eller mogeleg å setja opp enkle formlar. Her krevs både spesialkompetanse og kontaktnett for nærare undersøkingar.

Våren 2004

Kolbein Haga

Oversyn vedrørende dei mest aktuelle grader og kyrkjemusikkutdanningar

LAND	LENGDE	NAMN	INNHALD	KOMMENTAR
Noreg (N)	1 år	Organisteksamen, lågare grad	Orgelfag, song og korfag, liturgikk og hymnologi, musikkorienteringsfag.	Inneheld dei fleste elementa til den 3-årige grunnutdanninga (GKM), men på eit nivå i underkant av opp-taksnivået til GKM. Utdanninga eksisterte til tidleg 1980-tal. Frå hausten 2001 som nytt tilbod ved UiT – Kyrkjeleg utdanning i nord (KUN).
N	3 år	Organisteksamen, normal grad	Orgelfag, song og korfag, liturgikk og hymnologi, biinstrument, musikkorienteringsfag.	Eksisterte til tidleg 1960-tal.
N	3 år	Organisteksamen, mellomgrad	= For å oppnå karakteren 1.50 eller høgare kravdes faga orgelimprovisasjon og kontrapunkt samt spesifisert vanskegrad på hovudinstrumentsrepertoaret.	Eksisterte frå 1961. Vart avløyst av nedanståande studieplanar av 1970.
N	3 år	Orgel- og kyrkjemusikk I	= For å gå vidare på det 5-årige studiet Orgel- og kyrkjemusikk II kravdes musikkorienteringsfaga kontrapunkt og verkanalyse.	Dei fyrste studieplanane ved Musikkonservatoriet i Oslo frå 1970, seinare adoptert av dei andre konservatoria.

LAND	LENGDE	NAMN	INNHALD	KOMMENTAR
N	3 år	Grunnutdanning, kyrkjemusikk (GKM)	= + i seinare år: kyrkjelyds-praksis. 60 vektal. Ovanståande særkrav til dei 3-årige gradene er innarbeidd i GKM.	Ordninga eksisterte fram til grads-reformen av 2002 ved Høgskulen i Stavanger. Tidlegare også ved høgskulane i Agder, Bergen og Trondheim.
N	4 år	Organisteksamen, høgare grad	Tilsvarande fagkrins som normal grad, men meir omfattande m.o.t. utøvande disiplinær.	Eksisterte fram til tidleg på 1960-talet.
N	4 år	Kandidateksamen i kyrkjemusikk, cand. mag. -grad	Tilsvarande fagkrins som GKM, men meir omfattande, + 20 vt = 80vt, jf. utdanningskrav i Tenesteordning for kantor (TO).	Studieordninga tok til i 1974. Studiet er organisert som 1. avdeling på to år / 40vt + 2. avdeling på to år/ 40vt = 80vt ved NMH, UiB og NTNU.
N	4 år	3-årig GKM + cand. mag. -tillegg	Cand. mag. - tillegg 20 vt. i musikk, kristendoms-kunnskap eller pedagogikk, jf. utdanningskrav i Tenesteordning for kantor.	Ordninga eksisterte fram til grads-reformen av 2002 ved Høgskulen i Stavanger. Tidlegare også ved høgskulane i Agder, Bergen og Trondheim.
N	5 år	Organist- og kantoreksamen	Fagkrinsen tilsvarte den 3-årige mellomgraden, men var meir omfangsrik både m.o.t. utøvande disiplinær og til teorifag.	Ordninga eksisterte ved konservatoria i Bergen, Oslo, Trondheim og Agder frå 1961 til midt på 70-talet.

LAND	LENGDE	NAMN	INNHALD	KOMMENTAR
N	5 år	Orgel- og kyrkje-musikk II	Fagkrinsen bygde på den 3-årige Orgel- og kyrkjemusikk I, men var meir omfangsrik både m.o.t. utøvande disiplinar og teorifag.	Studieplanane var frå 1970, og var i funksjon dette tiåret.
N	5 år	Instrumentalutøving viu –A+C + valfag	Utøvande påbygningstudium for 3-årig GKM med A/10 vt. + B/20 vt. = 30 vt +10 vt adekvate valfag jf. utdanningskrav i TO/kantor = 40 vt.	Ordninga kan stå som døme på eit av fleire Påbygningsstudier mellom lågare og høgare grads nivå.
N	6 år	Diplomeksamen	2-årig toppstudium basert på 4- eller 5-årig grad.	Eksisterte fram til 1970 ved Musikkonservatoriet i Oslo.
N	6 år	Diplomstudium	=	Eksisterer frå 1970 ved MK i Oslo, frå 1973 ved NMH.
N	6 år	Hovudfagstudium	Utøvande eller teoretisk h-fagstudium Basert på 4 eller 5-årig grad.	NMH, universitet og nokre høgskular.
Tyskland (D)	1 år	C-kantor	Vanlegvis høgare enn norsk lågare grad. Tilsvarar dansk preliminær organisteksamen = to år. Vantar kunnskapar om spesifikke nordiske tradisjonar.	Kyrkjeleg eksamen, ikkje statleg godkjenningssordning.

LAND	LENGDE	NAMN	INNHALD	KOMMENTAR
D	4 år	B- kantor	Som norsk kandidat-eksamen/cand. mag. Vantar kunnskapar om spesi- fikke nordiske tradisjonar.	Offentleg eksamen med statleg godkjenning frå offentleg eller kyrkjeleg høgskule.
D	6 år	A-kantor	= B-kantor + 2-årig hovudfagspåbygging = norsk kandidateksamen + hovudfag. Vantar kunnskapar om spesi- fikke nordiske tradisjonar.	Offentleg hovudfagseksamen med statleg godkjenning frå offentleg eller kyrkjeleg høgskule.
D	5 år	A-kantor	Internasjonal mastegrad. Samanhengande 5-årig studium. Vantar kunnskapar om spesifikke nordiske tradi- sjonar.	Nyare mastergradsliknande utdanning frå Nordrhein-Westfalen.
Nederland (NL)	1 år	CIE V.D. Kerkmuziek	= tysk C-kantor Vantar kunnskap om spesi- fikke nordiske tradisjonar.	Kyrkjeleg godkjenning.

LAND	LENGDE	NAMN	INNHALD	KOMMENTAR
NL	7 år	Praktijkdiploma Kerkmuziek	Basert på Diploma Docerend Musicus Orgel = (musikk-pedagogisk grunnutdanning., 4 år) samt Dipl. Uitvoerend Musicus Orgel = (solistdiplom med konsertdebut, 5 år) Grunna overlappende studie-einingar utgjer desse gradene, saman med den 5-årige Praktijkdiploma Kerkmuziek, Sju års studium. Vantar kunnskap om spesi-fikke nordiske tradisjonar.	Offentleg godkjende eksamina frå nederlandske musikkonservatorium = musikkhøgskule.
England (GB)	6 år+	FRCO + CHM	Tilsvarande tysk A-kantor eller norsk Kandidateksamen + hovudfag. Vantar kunnskap om spesi-fikke nordiske og lutherske tradisjonar.	Offentleg godkjende eksamina ved Royal College of Organists.

Takk til bidragsytarar ved utforminga av dokumentet:

Prof., kantor Jon Laukvik, Stuttgart
Kantor MA Goos ten Napel, Suldal
Organist MA, docent Gwyn Hodgson, Aarhus
Domkantor, prof Kåre Nordstoga, Oslo

Takk til dei som har hatt dokumentet til uttale:

Prof., kantor Trond Kverno, Gran
Fyrsteamanuensis, kantor Per Chr. Jacobsen, Oslo
Kyrkjias Arbeidsgjevarorganisasjon v/ forhandlingssjef, kantor Steinar Moen,
Norges musikkhøgskule, Oslo

Framsida:

Johannes Vorhout: "Häusliche Musikzene", Hamburg 1674.
Her er portrettert to av samtidas mest framståande organistar og
komponistar:
Adam Reinken (1623–1722) spelar cembal.
Diderich Buxtehude (1637–1707) t. h. lyttande i det han kviler hovudet
i handa.

© Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon
ISBN 82-7991-054-9



Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon

Karl Johans gate 35, 0162 Oslo
Tlf. 23 31 04 40 Fax 23 31 04 50



vergeland gratis, persgrunn